

MOTTATT

02 MAI 2012



Møre og Romsdal
fylkeskommune

Samferdselsdepartementet
Postboks 8010 Dep
0030 Oslo

FYLKESORDFØRAREN

Dykkar ref:	Dykkar dato:	Vår ref:	Vår saksbehandlar:	Vår dato:
		25884/2012/033	Kari Rundmo	30.04.2012

27/12 Uttale Stad Skipstunnel - no

Fylkestinget i Møre og Romsdal vedtok under si samling 18. april 2012 følgjande uttale i sak T 27/12:

Fylkestinget i Møre og Romsdal krev, med bakgrunn i den nye kvalitetssikra rapporten om Stad skipstunnel som konkluderer med større lønsemd enn tidlegare rekna med, at startløyving til denne er med i Nasjonal transportplan som vert framlagd til neste år. Tala er framleis usikre, men hovudkonklusjonen er at ananalysene tyder på større netto nytteverdi enn det som kom fram i konsekvensutgreiinga.

Fylkestinget er overtydde om at dette er eit viktig prosjekt med stor samfunnsnytte for heile nasjonen, og at det difor må vere eit nasjonalt prosjekt. Det er viktig for framkome og tryggleik for dei sjøfarande, for å førebygge større ulukker i samband med auka ferdsel langs norskekysten, for å få ein større del av godstransporten frå det rike næringslivet på Nordvestlandet over frå veg til sjø, for utvikling av reiselivet og for å knyte Vestlandet tettare saman.

18 års med utgreiingar er nok. I Soria Moria II seier regjeringa at ho ynskjer å stimulere til vekst i sjøtransporten, samstundes som sjøtryggleik og førebyggjande tiltak mot uønska hendingar skal prioriterast.

Kan det seiast klarare? Stad skipstunnel vil vere eit viktig bidrag til begge deler.

No må politikarane må ta ansvar og gjere naudsynte vedtak slik at arbeidet kan kome i gang.

Med helsing

Jon Aasen
fylkesordførar

Kopi:

Fiskeri- og kystdepartementet	Postboks 8118 Dep	0032	Oslo
Nærings- og handelsdepartementet	Postboks 8014 Dep	0030	Oslo
Mørebenken v/leiar Else-May Botten	Stortinget	0026	OSLO